

Saksbehandlar: Frank Tore Farsund Tveit, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 19/4836-1

Skriv og meldingar - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne 14. juni 2019

Framlegg til vedtak:

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande.
2. Fylkesrådet for menneske med nedsett sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding vert lagt under kvar meldesak.

Vedlegg:

Tilskotsbrev kartlegging av tilgjengelegheit ved fiskeplassar
«Et samfunn for alle»
Årsmelding frå Pasient- og brukarombodet 2018
Årsrapport Sogn og Fjordane fylkeskommune 2018
Program landskonferansen 2019

Andre relevante dokument i saka:

Meldesak 1) Kartlegging av tilgjengelegheit ved fiskeplassar

Fylkeskommunen har fått midlar frå kartverket til å kartlegge tilgjengelegheit og universell utforming ved utvalde fiskeplassar i fylket. Tilskotet er på 75 000 kr og det er fylkeskommunen sjølv som skal gjennomføre kartlegginga. Tilskotsbrevet ligg ved.

Meldesak 2) Regjeringas strategi for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne

Regjeringa har utarbeidd ein ny strategi for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne for perioden 2020-2030, «Et samfunn for alle». I løpet av 2019 skal dei utarbeide ein handlingsplan som skal følgje strategien. Strategidokumentet ligg ved.

Meldesak 3) Årsmelding frå Pasient- og brukarombodet for 2018

Årsmeldinga finn de vedlagt. I årsmeldinga omtalar pasient- og brukarombodet nokre av dei erfaringane dei har gjort seg i året som har gått.

Meldesak 4) Årsrapport for Sogn og Fjordane fylkeskommune 2018

Årsrapporten finn de vedlagt.

Meldesak 5) Invitasjon til landskonferansen

Program for landskonferansen for fylkeskommunale råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne 2019 ligg ved. Den skal vere i Trondheim 25-26 september. Påmeldingsfristen er 15. august.